



Hardangerrådet iks



Hardanger

Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 04.12.2015

Tid: 09.00 -15.00

Møtestad: Møterom Hardangerrådet iks, Kinsarvik

Rådmenn: Aud Opheim Lygre (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ingrid Guddal (Odda), Magnus Steigedal (Ullensvang), Joakim Øren (Ulvik)

Administrasjon: Jostein Eitrheim (Hardangerrådet iks) Sekretær

Forfall: Trude Rinaldo, Hardangerrådet

Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.

Agenda:

- 09.00 Orientering: Vidareutvikling av IKT-samarbeid i Hardanger !
v/ IKT-sjef i Odda kommune, Andreas Sigvaldsen**
- 10.00 Sakshandsaming**
- 11.30 Lunsj**
- 12.30 Sakshandsaming**
- 15.00 Møteslutt**

Orientering om mogeleg samarbeid innanfor IKT v/ IKTsjef i Odda kommune Andreas Sigvaldsen
Synspunkt i ordskiftet etter orienteringa:

- IKT-einingane i kvar kommune vil verta for små kvar for seg.
- Det bør vurderast ulike grader av samarbeid før ein konkluderer omkring kva nivå eit framtidig IKT-samarbeid mellom Hardangerkommunane.
- Kommunane er i dag «ulike», men eit nærare samarbeid/møteforum bør stimulerast for gjennom dette kunne byggja opp ein felles IKT-strategi.
- Kommunereforma vil gje nye mogelegheiter for samarbeid.
- Viktig å fokusera på gevinstane i framtidige samarbeidsmodellar.

Rådmannsforum oppmodar at det vert utarbeidd eit mandat for eit prosjekt der dei IKT-ansvarlege i Hardangerkommunane etablerer eit møteforum med faste møter gjennom 2016.

RF-sak 28/15 Meldingar

Det var ingen framlagde meldingar

RF-sak 29/15 Interkommunale samarbeid - Drøfting

Ullensvang: Tenkjer samarbeid innan kultur og teknisk. Vurderer innleige av konsulentar eller søkje samarbeid med andre Hardangerkommunar

Eidfjord: Ønskjer å fokusera på tenesteområder og samarbeidsformer som ikkje vert vesentleg påverka av mogeleg kommunereform.

Ulvik: Meiner det vil vera for kort tid fram til juni 2016 ift. etablering av nye interkommunale samarbeid. Det er etablert samarbeid vedr. kostpris for leige av institusjonsplass frå andre kommunar.

Odda: Ser på samarbeid på avgrensa område der det enkelt kan etablerast samarbeid mellom to eller fleire kommunar. På lengre sikt vil det vera interessant å etablere eit felles egedomsattekontor.

Jondal: Vurderer samarbeid innanfor kultur.
Granvin: Busetjing av flyktningar krev førebuingar i kvar kommune. Dette er oppgåver som kunne samordnast i langt større grad enn det som er tilfelle.
Kvam: Ser at det kan verta overkapasitet på personell innanfor enkelte tenester. Oppmodar til vurderingar av samarbeid innanfor administrative tenester. Kommunereforma vil leggja føringar for kvar og korleis slikt samarbeid/effektivisering kan skje.

Utgreiing av felles Eigedomsskattekontor: Viktig å gjera ei risikoanalyse omkring denne tenesta.

RF-sak 30/15 Hardanger vassregion – Prosjektlear

Odda kommune har prosjektlearfunksjonen i dag. Prosjektlear har denne funksjonen som tillegg til oppgåver som områdelear for VAR. Oppgåvene som prosjektlear vil framover krevja omlag 20% stilling. Rådmann i Odda ønskjer å få oversikt om det finst ledig ressurs/kompetanse innanfor Hardangerkommunane. Ulvik herad kan ha ein aktuell ressurs som kan ta over prosjektlearfunksjonen.

Vedtak:

Odda kommune og Ulvik herad fører dialogen vidare og søker løysing der Ulvik kan overta denne funksjonen.

RF-sak 31/15 Busetjing av flyktningar/asylsøklarar

Prosjektstilling for koordinering vedr. einslege mindreårige asylsøklarar (EMA). Førebuingar til mottak av EMA bør sjåast på regionalt nivå og Rådmannforum stiller seg bak at det vert utarbeidd søknad om midlar til prosjektlear/koordinator for dette arbeidet.

Vedtak:

Hardangerrådet utarbeider utkast til søknad om midlar for tilsetjing av prosjektlear/koordinator for tilrettelegging/drift av kommunale tenester i samband med mottak av einslege mindreårige asylsøklarar.

RF-sak 32/15 Fellesmøter Regionråd/Rådmannsforum Jfr. Vedtak i Regionrådet 18.06.15.

- **Struktur**
- **Frekvens**

Rådmannsforum ønskjer egne møter og har behov for å drøfta egne saker. Fellesmøter bør ha ein agenda som er hensiktsmessig for både rådmenn og ordførarar. Slike fellesmøter bør vera 1-2 gonger pr. år. Fredag er ein god møtedag for dei fleste rådmenn.

Er det noko å vinna på å samla rådmenn og ordførarar i felles forum ?

Rådmannsforum ønskjer ikkje for mykje tid avsett til presentasjonar.

Vedtak:

Rådmannsforum ønskjer informasjon om korleis Samarbeidsrådet for Sunnhordland fungerer og inviterer rådmann Magnus Mjør til neste møte i januar 2016.

RF-sak 33/15 Møtereferat Rådmannsforum i Odda, 25.09.2015

Det var ingen videre oppfølgingssaker i tilknytning til dette referatet.

RF-sak 34/15 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet

- Delegasjonsreglement og oppdatering av dette vart drøfta. Det var semje om at dette vert tema i rådmannsforum i februar 2016.
- Deltaking på Rådmannsforum 2016 i Oslo vart drøfta. Kvam, Eidfjord og Odda deltar.
- Arild M Steine orienterte om saker frå Rådmannsutvalet.

Jostein Eitrheim
sekretær